



SVR landskapsvernområde v/Jørn
Haug
Setesdalsvegen 3273
4748 RYSSTAD

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2018/1026-2	Steinar Kyrvestad steinar.kyrvestad@valle.kommune.no	22.10.2018

HØYRING BESØKSSTRATEGI FOR SVR LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Valle kommune vil gi ros for den breie prosessen som sekretariatet i SVR har gjennomført i arbeidet med besøksstrategien. Valle kommune vil og stø arbeidet som besøksstrategien tar opp, med auka lokal verdiskaping og auka bruk av verneområdet innfør dei rammer vernet gir.

Innfallspor

Valle kommune merker seg i kap. 4.1 at ein legg opp til innfallspor både i Brokke (9) og ved Håhellervatne (8). Dette er gode tiltak. Valle kommune meiner at i tillegg må det og leggjast opp til ein innfallspori til heia på Berg i Valle. Herfrå starter mange turistar sin tur i Setesdal Vesthei.

Valle kommune vil og seie seg ueinig i at ein under tiltak 8 Håhellervatne (s24) legg opp til å endre (stramme inn) ferdelsregime på Brokke suleskarvegen. Avtalen som er inngått mellom Valle kommune og fylkesmannen i Aust Agder må fortsatt leggjast til grunn for opning og stenging av Brokke – Suleskarvegen.

Valle kommune meiner og at ein heller må leggje betre til rette for etablering av stopplassar langsmed vegen enn å begrense dei. Vegfarande må få oppleve den storslåtte naturen vegen gjeng gjennom.

Maskinpreparert løype til Sesilåmi (4.4.3 s. 35)

Valle kommune vil halde fram at for at kvaliteten på løypa til Sesilåmi, er det viktig at minst tråkkeregimet som gjeld for perioden 2016 – 2019 held fram. Det vil seie at ein kan starte med trakking av løypa 21 dagar før rennet og setting av spor 7 dagar før rennet.

Med helsing
Valle kommune

Steinar Kyrvestad